

SPRÅKPOLITIKK VED HØGSKULEN I VOLDA

Vedteken 4. juni 2014 i styresak 43/2014.

Overordna retningslinjer

Språkpolitikken er ein sentral del av det kulturpolitiske ansvaret for Høgskulen i Volda (HVO). Som ein statleg institusjon for forskning og høgare utdanning skal høgskulen ta i vare og utvikle norsk fagspråk. Vi tek på oss eit særleg ansvar for nynorsk i fag- og profesjonsutdanning.

Norsk er og skal vere hovudspråk ved HVO. Det er ei viktig oppgåve å fremje norsk fagterminologi og klar språkføring både i undervisning og forskning. «Norsk» femner i desse retningslinjene om både bokmål og nynorsk, og bruken av målformene skal vere i samsvar med krava i Lov om målbruk i offentleg teneste.

Engelsk eller andre framandspråk skal brukast når det er naudsynt eller fagleg føremålstenleg.

Den språklege kvaliteten skal vere god i all kommunikasjon som høgskulen har ansvar for. Det inneber at ein held seg til normene for rettskriving og ordlegging i bokmål og nynorsk så vel som på andre språk. Tilsette og studentar skal stimulerast til å nå høg kompetanse i både norsk og framandspråk.

Utdanning

Norsk er hovudspråk i undervisninga ved HVO, men svensk og dansk skal kunne nyttast på lik linje med bokmål og nynorsk.

Det kan vere føremålstenleg å opne for undervisning på engelsk i emne mot slutten av bachelorstudia og særleg på masternivå. Dette vil både kunne stimulere til studentutveksling og utvikle betre kompetanse i internasjonalt fagspråk.

Avdelingane har ansvar for at undervisninga skjer på det språket som er annonsert i studie- og emneplanane. Dei har sameleis ansvar for å kvalitetssikre språkkompetansen ved fordeling av undervisningsoppgåver mellom dei fagtilsette.

På alle nivå vert det forventa at studentane skal kunne gjere seg nytte av faglitteratur både på norsk og engelsk. Fagmiljøa bør syte for at språkleg og terminologisk kompetanse vert ein del av læringsutbyttet i studia.

Ved eksamen skal det til vanleg brukast norsk språk. I tilfelle der det er spesielt grunnlag for det, kan studentar få tilbod om oppgåvetekst på engelsk og høve til å levere eksamenssvaret på engelsk.

Utanlandske studentar og tilsette bør få tilbod om innføring i norsk språk, kultur og samfunnskunnskap.

Forsking

HVO skal leggje til rette for norsk som fullverdig vitenskapleg publiseringsspråk. Engelsk eller andre framandspråk vert brukt når dei som publiserer, finn det føremålstenleg.

Publikasjonar som vert utgjevne på ikkje-skandinaviske språk, bør ha eit samandrag på norsk. Tilsvarande bør publikasjonar på norsk ha eit samandrag på engelsk eller anna framandspråk.

Høgskulen vil formidle hjelp til omsetjing og språkvask.

Formidling og samfunnskontakt

Høgskulen skal oppfylle samfunnsoppdraget ved å presentere forskingsbasert kunnskap på norsk. Samstundes bør forskingsformidlinga alt etter tid og stad vere på det språket som er mest føremålstenleg for målgruppene.

HVO-nettsidene, brosjyrar og tilsvarande skal innehalde lett tilgjengeleg informasjon både på nynorsk og bokmål (jf. Lov om målbruk i offentleg teneste) – og på engelsk for internasjonale målgrupper.

Administrasjon og informasjon

Administrasjonsspråket ved HVO er norsk.

Tilsette i administrasjonen skal i tillegg ha kompetanse i engelsk som gjer dei i stand til å yte gode tenester for utanlandske studentar, tilsette og gjester.

Høgskuleleiinga vurderer i kva grad sentrale dokument bør setjast om til engelsk.